



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
13.04.2012	21147/2012	Øivind Schanche

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
	Kultur- og folkehelseutvalet	25.04.2012
	Fylkesrådmannens tilråding	
	Fylkesutvalet	21.05.2012

## Evalueringsrapport regionale filmfond - høring

### Bakgrunn

Møre og Romsdal fylkeskommune har inngått samarbeid med Vestnorsk Filmsenter, Filmfondet Fuzz og Western Norway Film Commission, jf sak T-74/11. I den sammenhengen viser vi til høyringsbrev frå Det kongelige Kulturdepartement dagsett 27.02.2012. Kva gjeld rapporten som høyringsdokument, viser vi til nettadressa i høyringsbrevet.

Vestlandet har eit veletablert miljø for kort- og dokumentarfilm, fleire utdanningsinstitusjonar på høgskole- og universitetsnivå, landsleiande filmfestivalar og to tv-kanalar. Dette har skapt grunnlaget for eit gryande miljø for også dei større og meir kostbare produksjonane. Evalueringsrapporten seier følgjande:

"Filmnæringen i Fuzz-regionen er som vi ser den klart største. Fuzz-regionen utgjør mellom 35 og 40 prosent av næringen i alle de fem regionene når vi teller selskap og hoder. I økonomiske termer er regionen enda større. Nesten halvparten av omsetningen og to tredjedeler av verdiskapingen hører hjemme i denne regionen."

Det er dei største og mest velutvikla filmregionane som har føresetnader for å nå eit produksjonsnivå av såkalla kritisk masse. Dette tyder at den audiovisuelle produksjonen går kontinuerleg og med eit tilstrekkeleg volum, slik at ein både byggjer opp og tek vare på den naudsynte filmkompetansen. Fuzz-regionen (Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal) er den største av regionane, men sjølv her er ikkje nivået på dei disponible midlane per i dag tilstrekkelege til å nå dette kritiske nivået for produksjon av spelefilm, tv-seriar eller større dataspel.

Samtidig slår rapporten fast at det er openbart at ikkje alle regionane vil vere i stand til å bli løfta opp til nivået for kritisk masse. Til det er den norske filmnæringa for avgrensa med gjennomsnittleg 25 spelefilmproduksjonar i året. Dersom ein td legg Bergen kommune sine kalkylar til grunn for kritisk masse (4-5 lokale spelefilmproduksjonar i året) måtte alle dei 25 spelefilmproduksjonane i Noreg fordelast jamt utover regionane for å nå det kritiske nivået i alle regionane. Det er ikkje realistisk å oppnå. Derfor er det fylkesrådmannen si oppfatning at det først må satsast ordentleg på den/dei regionane som har det beste utgangspunktet for å lukkast.

Om dette seier rapporten:

“Spørsmålet en står overfor er derfor om det ikke er fornuftig med en mer differensiert støtte til de regionale filmfondene for å gi et lavere antall regioner større muligheter til å nå kritisk nivå på sin filmproduksjon. Dersom målet er å etablere bærekraftige regionale filmmiljø som en motvekt mot det sterke filmmiljøet i Oslo-regionen, er dette trolig den mest fornuftige løsningen.”

## Vurdering

Ei slik differensiert støtteordning er foreslått i rapporten rekna ut gjennom ein kriteriemodell for tildeling av statlege midlar som vil:

### 1. Kanalisere midlane dit behova er størst.

Berre 9 % av Norsk Filminstitutt sine midlar i perioden 2008 - 2011 har gått til produsentar utanfor Oslo-området. Innanfor spelefilm og TV-drama går statistikken enda meir i hovudstaden sin favør. Ingen produsentar frå Vestlandet har motteke produksjonstilskot til spelefilm og TV-drama sidan *Nokas-produksjonen* i 2008. Fuzz er derfor i praksis den einaste kjelda til finansiering av lokale produksjonar.

Ifølgje rapporten hadde Fuzz-regionen ein vekst på 60 % i talet på aksjeselskap innan film. Enkeltmannsforetak auka med 48 % og verdiskapinga auka med 68 % i perioden frå 2006 (det året Fuzz vart skipa) til 2010. Samtidig har statstilskotet til Fuzz stått fast på det same nominelle beløp i perioden. Bransjen har dermed vakse frå sin finansjør, som til ei kvar tid har hatt alle sine tilgjengelege midlar plassert i ymse prosjekt.

### 2. Prioritere fond som oppnår gode resultat innan følgjande 3 sentrale mål:

**Auke tilgangen på kapital til norsk filmproduksjon:** Fuzz er det einaste av dei regionale filmfonda som har lukkast med å hente inn privat kapital. Til saman har Fuzz investert 42 mill kr frå 2006 til 2011, i gjennomsnitt 8,4 mill kr årleg der det statlege tilskotet har vore på 2,5 mill kr. Differansen har i hovudsak vore dekt av midlar frå private investorar. Desse investeringane har samtidig generert god avkastning til investorane som kvart år har valt å reinvestere sine utbyttar i sin heilskap.

**Styrkje filmproduksjon i regionane:** Rapporten seier: “Alt tatt i betraktning er det Fuzz som har den markert sterkeste regionale profilen på sine plasseringer om vi ser alle midlene under ett. (...) Sammenligner vi tilveksten av selskap, hoder og verdiskaping med de midlene som fondene har hatt til disposisjon, finner vi at det er blitt skapt mest vekst for pengene i Midt-Norge og i Fuzz-regionen.” Dette har Fuzz oppnådd gjennom å agere som ein selektiv og kompetent investor etter modell av svenske *Film i Vest*.

**Større mangfald i norsk filmproduksjon:** Norsk Filminstitutt (NFI) gir i dag berre 9 % av midlane i støtte til produsentar utanfor Oslo. Fuzz har investert i, og gitt støtte til, ei rad prosjekt som ikkje har fått støtte frå NFI, td *Thale og Into the White* – og hjelpt til med å realisere prosjekt med grunnfinansiering frå NFI, td *Vegas* og *Nokas*. NFI gir i praksis aldri meir enn 50 % av ein spelefilm sitt budsjett i førehandstilskot.

### **3. Særleg premiefond med vilje og evne til å mobilisere regional kapital:**

Fuzz sitt private, rullerande fond har sidan starten vakse frå 2,5 mill kr til 10,1 mill kr i dag. Bergen kommune og fylkeskommunane Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland har i same periode løyvd totalt 2,1 mill kr i prosjektmidlar kanalisert gjennom Fuzz.

Fuzz får driftstilskot frå Bergen kommune, samt fylkeskommunane Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland, totalt 2,2 mill kr årleg (i 2012).

Fuzz blir kontakta direkte av nye investorar som ønskjer å vere med i neste kapitalutviding dersom tilskotet frå staten aukar. I tillegg har Bergen kommune gjennom si filmmelding frå 2011 vedteke å auke sin investeringskapital i Fuzz med totalt 9 mill kr over 6 år f.o.m. 2012.

Inkludert reinvestert avkastning arbeider Fuzz for ei kapitalutviding (regionale matching-midlar) på totalt 7,2 mill kr i 2013. Fuzz sin søknad om statstilskot for 2013 er derfor på same nivå. Planen er at fondet skal auke frå nivået i dag på 10,1 mill kr til 44,1 mill kr innan utgangen av 2015. Dette vil innebære eit stort steg i retning av å hente kapitalen som trengst for å oppnå kritisk masse i regionen. Samla sett gir derfor Møre og Romsdal fylkeskommune si tilslutning til kriterie-modellen slik han er foreslått i rapporten.

Møre og Romsdal fylkeskommune stiller seg også bak dei foreslegne endringane for å bøte på sein utbetaling av statstilskotet ved å la eventuelt kutt i statstilskotet komme i rammene for neste års tildeling til fond som ikkje klarer å matche det statlege beløpet. Dette vil gjere at omsøkt beløp kan utbetalast tidlegare på året og med dette betre ein likviditetssituasjon som ved fleire høve har tvunge Fuzz til å etablere mellomfinansiering i bank.

Møre og Romsdal fylkeskommune stiller seg også bak forslaget om å fjerne avgrensinga på moglegheit til å investere statstilskot i prosjekt som allereie er støtta av NFI. Det europeiske regelverket "Cinema Communication" som gjennom EØS-avtalen også gjeld for Noreg, regulerer allereie kor mykje offentleg støtte ein einskild film kan få.

#### **Forslag til vedtak:**

Med bakgrunn i saksutgreiinga støttar Møre og Romsdal fylkeskommune konklusjonane i evalueringsrapporten "For en neve dollar meir."

Arvid Blindheim  
fylkeskultursjef

Vedlegg

1 Høringsbrev - evalueringsrapport regionale filmfond